



Sunnfjord  
kommune




# Bygstad barnehage

## Barnehageportrett



## Historiske barnetal frå 2008 – 2023



## Kapasitetsutnytting

Faktorar	15.12.2023	30.06.2024	2024/2025
Barn under 3 år	21	25	17
Barn over 3 år	36	37	34
Godkjent leike- og opphaldsareal kvm	401,5	401,5	401,5
Arealutnytting kvm	288	316,5	255
Kapasitet arealplassar	89,2	89,2	89,2
Arealplassar i bruk	64	68,1	56,6
Ledige arealplassar	25,2	18,9	32,6

## Bemanning i årsverk

Bemanning etter teneste 201

Faktorar	2023/2024	2024/2025
Styrrar	1,0	1,0
Assisterande styrrar	0,5	0,5
Pedagogisk leiar	6,0	5,4
Barnehagelærar	0,0	0,0
Fagarbeidar	5,2	4,2
Assistent	2,4	2,0
Lærling	0,0	0,0
Snittalder		45,3

## Grunnbemanning

Bemanningsnorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per vaksen	6,0	5,8	5,9	5,7

## Pedagognorm

Pedagognorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per pedagog	12,7	13,1	12,2	15,0

## Økonomi

Økonomi	2020	2021	2022	2023
Rekneskap	6 519 532	8 071 963	8 452 957	10 508 224
Budsjett	6 907 166	7 674 125	7 598 312	10 117 580
Kostnad pr. heiltids plass	128 085	165 071	153 411	185 685

## Tilbod og utvikling i sektoren

Skule	Bygstad skule
Tilknytning til andre tenestetilbod	Nyetaablert idrettshall ved skulen.
Bustad og næring	Bygstad har rikeleg kapasitet i planverket til å støtte bustadbehovet. Det er lagt opp til å etablere eit bustadfelt i tilknytning til sentrum, men krev regulering. Det er ikkje sett av nye områder til næring i Bygstad. Det er fortettingsmoglegheiter i sentrum.

## Bygningsmasse

Byggeår	1970. Bygd to nye avdelingar som stod klare i 2017
Areal	983 kvm
Godkjent leike- og opphaldsareal	401,5 kvm
Uteareal	4 287 kvm

## Andre forhold

Avstand til Førde sentrum	20 km
Avstand til Sande barnehage	14,3 km
Avstand til Slåttebakkane barnehage	17,9 km

## Tilbakemelding frå foreldre, tilsette og andre interessentar

### Det pedagogiske tilbodet

#### Dette er vi tilfreds med

- Barnehagen har høg pedagogtettleik og mange fagarbeidarar
- Personalet har lang erfaring og god kompetanse
- Barnehagen er tett på naturen, og brukar dette i det pedagogiske arbeidet
- Alle får medvirke i barnehagekvardagen
- Har mange rom inne og ute, noko som gjer det lettare i høve pedagogiske aktivitetar

#### Forbetringsområder

- Auka bemanning gjennom heile dagen

- Vikar på avdeling når pedagogisk leiar/leiarar skal ta ut planleggingstid
- Meir midlar til kurs og fagleg utvikling for alle i personalgruppa
- Budsjett til å kunne reise på tur i eige nærmiljø

## Organisasjonsmessige forhold

### Dette er vi tilfreds med

- Avdelingsbarnehage slik som vi har det i dag. Gjer til at vi har oversikt over barna, ser kva som foregår og barna blir sett av dei tilsette
- Aldersinndelt avdeling gjer det lettare i legge til rette for aktivitetar gjennom dagen
- Det er god plass i barnehagen

### Forbetringsområder

- Kan bli betre på å samarbeide på tvers av avdelingane når det gjeld aktivitetar og fellesprosjekt.

## Barnehagen i lokalsamfunnet

### Dette er vi tilfreds med

- Barnehagen har veldig mykje å sei for bygda si framtid. Bygstad krins er eit stort område. Demografien gjer det vanskeleg å busetje seg her dersom det ikkje er tilbod om barnehage, skule og andre oppvekstilbod. Utan barnehage og skule forsvinn bygda.
- Barnehagen og skulen er limet i bygda. Det er det som gir grunnlag for tilflytting, og som gir grunnlag for å oppretthalde den busetnaden ein har i dag.
- Barnehagen er eit viktig møtepunkt for tilflyttarar

### Forbetringsområder

- Skulle gjerne hatt eit busstilbod i andre retningar enn Førde. Til dømes for å kunne oppleve/gjere noko i Daleområdet
- Skulle gjerne hatt gratis buss opptil 6 år

## Andre innspel

- Det er viktig med barnehagar i heile Sunnfjord kommune
- Fulle opp eksisterande barnegrupper – heller slå saman små avdelingar, framfor å legge ned heile barnehagen
- Ta vare på dei tilsette i prosessen som pågår
- Ta vekk ordninga med kontinuerleg barnehageopptak, framfor å kutte ned på tilsette/pedagogstillingar
- Gje tidlege svar på korleis situasjonen blir framover, for å skape gode arbeidsmiljø. Når tilsette vert usikre skapar det mykje prat, og dårleg stemning

## Prosjektgruppa si oppsummering

### No- situasjonen

Vi har nytta Utdanningsdirektoratet (Udir) sin bemanningskalkulator for barnehage<sup>1</sup> for å sjå om barnehagen stettar lovkrava etter bemanningsnorma og pedagognorma, og korleis fagmiljøet er i barnehagen. Tala som er lagt til grunn er barnetalet i tabellen kapasitetsutnytting og tabellen bemanning i årsverk for barnehageåret 2024/2025.

Bygstad barnehage følger både bemanningsnorma og pedagognorma, det er noko overtalige i barnehagen basert på utrekningane i bemanningskalkulatoren til Udir.

Det er eit godt fagmiljø i barnehagen og eit engasjert personale som bidreg til eit positivt læringsmiljø og tryggleik for barna.

Barnehagen blei utvida med to avdelingar og ei oppgraderinga av eksisterande bygningsmasse i 2017. Ut i frå kriteria vi har lagt til grunn har barnehagen gode fasilitetar for både tilsette og barn. Det er ikkje optimale kontorplassar for tilsette. Det er ledig kapasitet i bygget ut i frå arealplassar.

### Kva kan dette bety for barnehagen i framtida

#### Pedagogisk

- Å få tak i nok kvalifiserte barnehagelærarar kan bli ei utfordring på sikt.
- Vi ser ein generell nedgang i tal studentar som vel barnehagelærarutdanning, og det kan bli vanskeleg å rekruttere ny kompetanse på området.
- Dersom barnehagen opplever redusert barnetal i framtida vil det kunne føre til at det blir færre stillingsheimlar i barnehagen.
- Dersom barnehagen har færre stillingsheimlar kan det føre til færre pedagogar. Dette kan svekke det faglege miljøet i barnehagen.

#### Organisering

- Det kan bli behov for å vidareutvikle organiseringa av barnehagen for å møte endringar i barnetalet. Dette kan inkludere endra bruk av ressursar og gruppedeling.
- Organisering av barnegrupper i framtida vil avhenge av tal søkarar og alder på barna.
- Det må i framtida vere samsvar mellom tal barn og tilsette for å følge bemanningsnorma, og for å nytte midlar i sektoren føremålstenleg.

#### Lokalsamfunn (struktur)

- For å oppretthalde barnetalet og utnytte kapasiteten i barnehagen er vi avhengig av at folk vel å busette seg i området. Det er behov for både utbygging og sirkulasjon i eksisterande bustadmasse.
- Det er fritt barnehageval i dag og det er foreldra som legg premissar for at barnehagetilbodet blir oppretthalde i lokalsamfunnet

---

<sup>1</sup> [Utdanningsdirektoratet – bemanningskalkulator for barnehage](#)

- Foreldreundersøkinga som er gjennomført i prosjektet kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen syner at det er like viktig å ha eit barnehagetilbod på veg til arbeid, som at barnehagen ligg nær eigen bustad.

For utfyllande detaljar kan du sjå innspela i sin heilskap [her](#).